


Von om vekst i ei vanskeleg tid



Innhold

Leiar: Oljesmurt optimisme	s. 2
Samla vurdering: Framleis optimisme i Hordaland	s. 4
Norsk og internasjonal økonomi: I utakt med Europa	s. 6
Innovasjon Norge har ordet: Finanskrisa i Europa	s. 8
Aktuelt: Kapital - ei rasjonert vare?	s. 10
Arbeidsmarknad: Regional optimisme, men usikre internasjonale forhold	s. 12
Regionale skilnader: Vekst lengst vest	s. 14
Byggjenæring og eigedomsmarknad	s. 18
Industri	s. 20
Petroleumsnæringa	s. 22
Transport og engros	s. 24
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	s. 26
Varehandel og personleg tenesteyting	s. 28
Kultur, reiseliv og oppleving	s. 30
Fiskeri og havbruk	s. 32
Landbruk	s. 34
Offentleg forvaltning og tenesteyting	s. 36
Datagrunnlag og kjelder	s. 38

Næringsbarometeret tek pulsen på næringslivet

Næringsbarometeret for januar 2012 byggjer på data frå ei spørjeundersøking som vart gjennomført i andre halvdel av november 2011 retta mot verksemder innafor alle næringsområde i Hordaland. Undersøkinga vart sendt til i alt 5 500 verksemder. Næringsbarometeret byggjer i tillegg på relevant statistikk og intervju.

Partnerane bak Næringsbarometeret

Innovasjon Norge Hordaland
NAV Hordaland
NHO Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Ansvarlege utgjevarar

Partnerane bak Næringsbarometeret

Redaksjon:

Mette Nora Sætre, Hordaland Fylkeskommune
Tom Knudsen, NHO Hordaland
Anne-Lise Lygre, NAV Hordaland
Nina Broch Mathisen, Innovasjon Norge

Næringsbarometeret er utarbeidd

i samarbeid mellom utgjevarane og [ideas2evidence](#) ved prosjektleiar Malin Dahle og prosjektmedarbeidarane Jostein Ryssevick, Jan Erik Grindheim og Turid Vaage.
www.ideas2evidence.com

Design/layout og foto: Anne Jorun Sæten Design www.ajsdesign.no

Språkkonsulent: SpeakLab ved Siri Lill Mannes, Arne Møller og Renate Nedregård www.speaklab.no

Oljesmurt optimisme



foto: truls j. løvsted

Norsk økonomi går mot alle internasjonale trendar. Årsakene til dette er å finne på Vestlandet og utanfor vestlandskysten - i olje, gass og heilnorsk energi. Når ein snakkar om nasjonale særtrekk, er det altså vestlandsnæringane som utgjer den store skilnaden. Forventingane her vest speglar dette biletet.

Nye tal og prognosar for den norske økonomien stadfestar at landet står i ei særstilling. Medan resten av Europa strevar med gjeldsproblem, manglande vekst og aukande arbeidsløyse, går den norske økonomien på høggrir.

Nye oljefunn og auka investeringstakt i petroleumssektoren spelar her ei avgjerande rolle. Utviklinga dei siste månadane viser konturane av ein todelt norsk økonomi, der regionar og bransjar som er knytt til olje- og gassverksemda er i ein mykje betre situasjon enn resten av økonomien. Vestlandet og Hordaland nyt særleg godt av denne utviklinga.

Januarutgåva av Næringsbarometeret syner difor at næringslivet i Hordaland jamt over har gode tider og ser lyst på framtida. Den samla forventingsindeksen går endå nokre hakk opp samanlikna med same tid i fjor. Særleg er industrien og bygge- og eigedomsbransjen optimistiske med tanke på det nye året. Heile 40 prosent av verksemdene i fylket ventar å tilsetje fleire medarbeidarar i 2012.

Næringsbarometeret stadfestar at optimismen i stor grad er oljesmurt. Medan den samla forventingsindeksen for verksemdar med petroleumsretta omsetnad er på 45 poeng, er den tilsvarande indeksen for verksemdar utan slik omsetnad, 33 poeng. Det viser kor viktig oljeaktiviteten og ringverknadene frå denne er for næringslivet og velstandsutviklinga i Hordaland.

Også verksemdar som ikkje direkte er knytt til oljeøkonomien ser monaleg lyst på framtida. Mellom anna er det gledeleg at reiselivsnæringa ser ut til å ha eit godt år framfor seg.



I denne utgåva av Næringsbarometeret set vi eit særleg søkjelys på kapitalmarknaden og korleis gjeldskrisa i Europa påverkar kreditttilgangen til det lokale næringslivet. Sjølv om den siste utlansundersøkinga til Noregs Bank stadfestar at dei norske bankane allereie har stramma inn kredittpraksisen ovanfor næringslivskundane, hevdar dei lokale bankane vi har snakka med at dei så langt ikkje har sett i verk særlege tiltak. Det er slik sett uvisst i kor stor grad mangel på kreditt vil kunne bremse den positive utviklinga i fylket.

Ein annan faktor som utvilsamt vil kome til å prege utviklinga det komande året, er mangel på kvalifisert arbeidskraft. Verksemdar frå fleire bransjar melder om skrikande mangel på høgt utdanna teknisk personell og fagarbeidarar. Analysane som vi presenterer i denne utgåva av Næringsbarometeret kan såleis tyde på at det er mangelen på kvalifisert arbeidskraft heller enn marknadssituasjonen som vil setje grensene for vidare vekst i 2012.

Det er fleire grunnar til å sjå lyst på framtida, men regjeringa må sjå til at vi også i åra som kjem har tilgang på naudsynt kompetanse. Det er også avgjerande at regjeringa overvakar behova for finansiering og i særleg grad eksportfinansiering. Med desse føresetnadane til stades, veks utsiktene til å lukkast i dei spanande åra vi har føre oss.

Regiondirektør Tom Knudsen
NHO Hordaland

Framleis optimisme i Hordaland



Krisa i Europa kastar få skuggar over optimismen i næringslivet i Hordaland. Høg aktivitet i oljesektoren lyftar oppturen. Berre mangel på kvalifisert arbeidskraft ser ut til å setje grenser for vidare vekst.

Stor tru på 2012

Næringslivet i Hordaland er rimeleg optimistisk med tanke på det komande året. Den samla forventingsindeksen, som tek pulsen på næringslivet sine utsikter for 2012, peikar svakt oppover samanlikna med den tilsvarande målinga for eit år sidan (sjå figur 2). Den positive utviklinga sidan botnåret 2009 ser difor ut til å halde fram. Det skjer trass i krisesignala frå internasjonal og særleg europeisk økonomi.

Oljesmurt vekst

Vurderingane frå verksemdene i Hordaland skil seg frå dei meir negative signala frå andre nasjonale konjunkturmålingar den seinare tida. Mellom anna viser konjunkturbarometeret til Dagens Næringsliv for 4. kvartal 2011 ein markert nedgang i forventingar for den komande perioden,

både samanlikna med føregåande kvartal og 4. kvartal 2010. Den relativt sterke optimismen i Hordaland kan tolkast som eit resultat av det høge aktivitetsnivået i oljeindustrien. Det er òg forventingar om vidare auke i investeringstakta som følgje av nye oljefunn. Resultata frå Bedriftsundersøkinga gir støtte til denne tolkinga. Medan den samla forventingsindeksen for verksemdar med petroleumsretta omsetnad er på 45 poeng, er den tilsvarande indeksen for verksemdar utan slik omsetnad 33 poeng. Og medan halvparten av dei petroleumsbaserte verksemdene ventar å auke talet på sysselsette i tida framover, er det berre 30 prosent av andre verksemdar som ventar å gjere det same. Forventingstala for Hordaland ligg også like under dei tilsvarande tala for Rogaland, eit fylke som i endå sterkare grad er dominert av den norske oljeøkonomien.

Forsiktig optimisme også i eksportnæringane


Med tanke på problema i europeisk økonomi, er det truleg dei eksportretta verksemdene som vil møte størst utfordringar i tida framover. Medan nærare 60 prosent av verksemdene venta å auke eksporten i 2011, er det berre rundt 10 prosent som ventar auke i 2012. Det er likevel positive teikn også her. Berre 3 prosent ser for seg at eksporten vil bli redusert i det komande året. Utsiktene for eksportnæringane minner difor meir om status quo enn om krise. Dette kjem også tydeleg til uttrykk i eksportverksemdene si vurdering av marknadssituasjonen. Faktisk er det berre 10 prosent av eksportørane som ventar at marknadssituasjonen skal bli verre i det komande året. Heile 47 prosent ventar betring. Eksportørane si forsiktige optimisme er ikkje ugrunna. Nærare 45 prosent av eksportverksemdene seier at ordrebeholdninga er større no enn den var for eit år sidan og 25 prosent seier også at den er blitt meir langsiktig.

Vidare vekst i sysselsettinga


Talet på sysselsette auka med rundt 6 000 personar frå 4. kvartal 2010 til 4. kvartal 2011, det vil seie ein vekst på to prosent. Det viser Arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Dette er ein prosent lågare enn dei signala som verksemdene ga i Næringsbarometeret frå januar 2011.

Rundt 40 prosent av verksemdene vil utvide staben også i 2012. Om desse forventingane slår til, vil sysselsettinga i fylket auke med 1,7 prosent i det komande året. Det er særleg i bransjane finansiell- og forretningsmessig tenesteyting og

bygg og eigedom at forventingane om sysselsettingsvekst er høgast. Svakast vekst i sysselsettinga vil det bli i varehandel og personleg tenesteyting. Det viser tal frå Bedriftsundersøkinga. Mange verksemdar melder framleis om vanskar med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. Ei av fem verksemdar har ledige stillingar på grunn av rekrutteringsproblem. Underkotet på fagarbeidarar er størst, men også etterspurnaden etter høgt utdanna teknisk personell er markert sterkare enn tilgangen. Rekrutteringsproblema er mest påtrengande i bygge- og anleggsbransjen. Industrien ser derimot ut til å klare seg noko betre på dette området.




Figur 3: Samla forventingsindeks for utvalde næringar, Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 646. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 4: Prosent av verksemdene innan ulike næringar som melder at det er vanskeleg å rekruttere ingeniørar (høgt utdanna teknisk personell) og fagarbeidarar. Merk at gruppa oljereelatert verksemd inkluderer verksemdar frå dei andre næringane. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 5: Sysselsette fordelt på næring. Inndelinga i denne figuren samsvarer men den næringsinndelinga som er nytta i Næringsbarometeret. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

I utakt med Europa



Medan verdsøkonomien er i vanskar, ventar Noreg konjunkturoppgang i åra som kjem. Men finansministeren ber oss vere budd på at den økonomiske uroa også kan råke Noreg.

Konjunkturoppgang i vente

Prognosane for det norske bruttonasjonalproduktet (BNP) viser ei auke for 2011 på 2,6 prosent, med ein ny vekstkonjunktur i 2012. Dette kjem etter to år med det Statistisk sentralbyrå kallar ei «konjunkturnøytral utvikling i botnen av ein moderat lågkonjunktur.» Prognosane inneber at vi ventar høgare verdiskaping i all marknadsretta næringsverksemd, offentlig forvaltning, frivilljuge organisasjonar og produksjon

til eige bruk, som er det BNP-tala omfattar.

Arbeidsløysa vil gå noko opp i året som kjem. Men prognosane er framleis berre på 3,6 prosent, mykje lågare enn i andre europeiske land. I resten av Europa ventar ei minka kjøpekraft i komande år, medan vi i Noreg ventar både 3,4 prosent lønsauke og ein auke i kjøpekraftsindeksen på 1,4 prosent. For dei neste to åra blir det truleg endå betre, slik figur 1 syner.

Norske industrileiarar meldar òg om positiv utvikling i produksjonsvolumet, i følgje Statistisk sentralbyrå sitt konjunkturbarometer. Fallande etterspurnad etter innsatsvarer frå eksportmarknaden vil, som i fjerde kvartal i 2011, truleg føre til lågare vekst i 2012, men ikkje i nærleiken av det industrileiarar i andre europeiske land fryktar.

Solid økonomi, dårleg infrastruktur og innovasjon

Verdas økonomiske forum (WEF) publiserer årleg ein rapport om konkurransevna til økonomiane i verda. Denne er basert på ein indeks sett saman av korleis statane scorar på mange ulike område som påverkar konkurransevna. I denne globale konkurranseindeksen, som vart publisert i forkant av WEF sitt toppmøte i år, hamna Noreg på sekstende plass. Det er bak Sverige, Finland og Danmark som høvesvis vart rangert som nummer tre, fire og åtte. På dei ulike indikatorane denne sekstende plassen er basert på, ser ein at Noreg scorar nokså ulikt. Best ut kom Noreg når det gjaldt dei makroøkonomiske kjenneteikna ved nasjonaløkonomien, der Noreg får ein fjerdeplass totalt. Ikkje berre fordi petroleumsinntekta legg grunnlaget for eit høgt bruttonasjonalprodukt per innbyggjar, men òg fordi norsk penge- og finanspolitikk er langsiktig og stabil.

Noreg har, som dei nordiske nabolanda, eit stabilt politisk system, og ei rasjonell og effektiv forvaltning, men òg ein godt fungerande kapitalmarknad. Her kom Noreg på femteplass. For det å være klar til å ta i bruk ny teknologi vart det ein sjuandeplass.

Noreg fell samanlikna med nabolanda fordi behova for å oppgradere den tradisjonelle infrastrukturen er store og

fordi det trengs ein betre politikk for å oppfordre til meir forskning og innovasjon i næringslivet. Her kjem ikkje Noreg høgare opp enn 35. og 20. plass.

Verdsøkonomi i vanskar


Det internasjonale valutafondet (IMF) la 24. januar fram ein rapport om verdsøkonomien. Her nedjusterte dei prognosane for verdas økonomiske vekst i året som kjem til 3,3 prosent. Hovudgrunnen var den forverra krisa i eurolanda og auka frykt for finanspolitisk ustabilitet.

Utan omfattande hjelpetiltak og ein kontrollert og langsiktig plan for endringar i finanspolitikken til dei hardast råka landa, vil Europa kunne gå inn i en resesjon verre enn det vi har sett til no, varslar Valutafondet.

Forventingane til verdsøkonomien er låge, særleg i dei velutvikla økonomiane der veksten i komande år neppe kjem over 1,2 prosent. Valutafondet har her nedjustert sine prognosar frå september sist år med ¾ prosentpoeng.

Dagen før Valutafondets rapport vart lagt fram sa leiaren for fondet Christine Lagarde at dei var klare til å stille 500 milliardar amerikanske dollar til disposisjon for dei kriseramma europeiske økonomiane. Til gjengjeld må dei styrke eurosamarbeidet med strengare politiske tiltak og tettare integrasjon.

Revisjons- og konsultantselskapet PricewaterhouseCoopers (Pwc) gjennomfører kvart år ein survey blant 1 200 næringslivstoppar frå heile verda. Berre 15 prosent av desse trur på ei betring i verdsøkonomien i 2012, sjølv om heile 40 prosent av dei samstundes kjenner seg trygge på sitt eige selskap. Halvparten har til og med planar om å auka arbeidsstokken i komande år. Grunna uvissa ber finansministeren oss vere budde på at den økonomiske uroa også kan råke Noreg.



Figur 1: Utviklinga i norsk økonomi 2011-2014 (prognosar) Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.

EKSPORTEN TRUGA

Trass dei gode tidene for norsk økonomi manar finansminister Sigbjørn Johnsen i tidskriftet Stat & Styling (1-2012) til måtehald og respekt for dei problema andre europeiske land har; - Det som skjer i våre naboland påverkar også oss. Sjølv om vi har klart oss godt så langt, må vi vere førebudd på at utviklinga kan snu. Eksportretta næringar er avhengige av å få avsetning for sine produkt i andre land, og vi har tidlegare erfart kor fort uro i finansmarknadane kan spreie seg mellom land. Regjeringa følgjer den økonomiske situasjonen nøye og vi har den naudsynte beredskap. Ein forsvarleg og langsiktig politikk bidreg til å gjere økonomien meir robust også på kort sikt.

Finanskrisa i Europa



For dei fleste OECD-landa har finanskrisa gått over i ei gjeldskrise. Vekst, som er det beste middelet til å rette opp statsgjeld, er svak eller fråverande.

Negative vekstanslag for Europa

Manglande vekst gjer at få land kan stimulere etterspurnad ved å bruke meir pengar over offentlege budsjett. Dette reduserer etterspurnaden. Renta er sett ned for å stimulere, men den er no svært låg i dei fleste OECD-land og tilnærma null i USA.

Spesielt ille er det i eurolanda, der situasjonen er kritisk og uoversiktleg. Her har veksten no stoppa heilt opp. Dette gjeld også for den "sterke" økonomien i Tyskland, som hadde god vekst i første del av 2011. No er det "nullvekst" også der. Dei siste prognosane viser negative vekstanslag for eurolanda i 2012. Det internasjonale pengefondet (IMF) har i sin "Update" av World Economic Outlook no i januar vekstanslag

for 2012 på minus 0,5 prosent for eurolanda, medan Citi Group har så lågt anslag som minus 1,5 prosent i sin siste globale makrorapport. Eit av få land der vekstanslaga ikkje er blitt justert ned dei siste månadene, er USA. Der har Verdsbanken anslått ein vekst på 2,2 prosent, IMF 1,8 prosent og Citi Group 1,9 prosent i 2012. Det er også positiv utvikling i arbeidsløysa i USA som har gått ned til 8,7 prosent, og konsolidering av lønsemda i næringslivet har auka optimismen. Men situasjonen i USA er elles prega av uvisse sidan Obama-administrasjonen ikkje har fleirtal i kongressen og det er stor usemje om innretning av statsbudsjettet. Difor er det stor fare for at manglande semje om vedtak kan gje innstramming som bremsar opp økonomien i USA.

EU går mot ein skjebnetime

På EU sitt toppmøte 8. og 9. desember i fjor blei leiarane i EU enige om å styrke det finanspolitiske samarbeidet. Det skal mellom anna innførast strengare reglar for å følgje opp kriteria for budsjettunderskot. Reglane vil bli utforma i ein ny avtale mellom dei ulike eurolanda og dei andre EU-landa som ønskjer å delta. Avtalen blei vedteken 30. januar 2012, men skal godkjennast av kvart enkelt medlemsland. Det vart også klart at Storbritannia ikkje ønskjer å delta av frykt for å svekke finanssenteret i City of London. Det ligg dermed an til eit delt EU. Fleire andre land er avhengig av vedtak i sine nasjonalforsamlingar for å kunne slutte seg til ein slik foreslått avtale/traktat. Resultata frå toppmøtet er elles innretta mot ei meir langsiktig løysing av eurolanda sine utfordringar. ECB (Den europeiske sentralbanken) og IMF (Det internasjonale pengefondet) er tiltenkt å spele ei viktig rolle. Når det gjeld det meir kortsiktige kom det lite konkret ut av toppmøtet.

For å dempe dei akutte utfordringane knytt til likviditet i banksektoren, opna ECB for å subsidiere tilføringa av likviditet til bankane. ECB sitt vedtak 21. desember er blitt karakterisert som tidenes julegåve til europeiske bankar. ECB opna for at bankar kan låne euro i tre år til berre ein prosent årleg rente. 523 bankar lånte 489 milliardar euro (3740 milliardar kroner). Poenget var både å styrkje bankane og bedriftene, og samtidig redusere rentenivået for refinansiering av statsgjeld. På kort sikt viser det seg likevel at over halvparten av lånebeløpet er sett inn igjen i ECB til 0,25 prosent rente! Det blir forklart med stor nervøsitiet i ein uroleg marknad og at skjerpa krav til kjernekapital i bankane krev meir pengar på bok. Likviditetstilføringa ser likevel ut til å ha roa marknadane og senka rentenivået.

Forhandlingane mellom Hellas og kreditorane om nedskrivning av gjelda er for augneblikket fastlåst og Hellas er i prinsippet i ferd med å bli satt under administrasjon av EU. Det ser ut til å vere renta for dei attverande låna som er vanskelegast å få på plass. Hellas er i ein særleg vanskeleg stilling. Det er ikkje enkelt å sjå korleis dei skal kunne rette opp økonomien og statsfinansane innafor dei gitte rammene. Kanskje vil grekarane sjølv trekkje seg frå eurosamarbeidet, og heller be EU om hjelp til å redde bankar og bidra til ein akseptabel utgang. Det kan også gjere det enklare å redde euroen og eurosamarbeidet for resten av landet.

Nedgradering av fleire euroland

At ratingbyrået Standard & Poor's nedgraderte fleire av eurolanda 13. januar var inga stor overrasking, men understrekar utfordringane i Europa. Frankrike og Østerrike mista toppratinga si (AAA). Nedgraderinga, som kom saman med ei nedjustering for sju andre euroland som hadde lågare rating frå før, kan bety nedgradering og auka finansieringskostnader for krisefondet i EU (EFSF). Dette fondet er tiltenkt ei viktig rolle i redninga av euroen og europeiske bankar.

I følgje det amerikanske nyhendebyrået Bloomberg er det no berre 12 land som har høgst rating hos alle dei tre store byråa S&P, Moody's og Fitch. Dette er Australia, Canada, Danmark, Finland, Luxemburg, Nederland, Norge, Singapore, Storbritannia, Sverige, Sveits og Tyskland. S&P har justert ned "utsiktene" for Finland, Luxemburg og Nederland.


Verdsbanken åtvarar

Verdsbanken, som har hovudfokus på utviklingsland, åtvarar om at den globale økonomien er inne i ei "svært vanskeleg og farleg" fase. Dei åtvarar også framveksande land med høg vekst mot å tru at dei er immune i eurolanda og USA. Verdsbanken har no heilt på tampen justert ned vekstanslaga for fleire land, mellom anna i det austlege Europa. Dei ser for seg eit bilete der veksten vil vere på veg ned også i framveksande land det næraste halvåret, men deretter ta seg opp att. Dei ventar at heile verda får ein vekst på 2,5 prosent i 2012 etter 2,7 prosent i 2011, og aukande til 3,1 prosent i 2013. Veksten i verdshandelen anslår Verdsbanken til 4,7 prosent i 2012, etter 6,6 prosent i fjor, og dei ventar auke til 6,8 prosent i 2013. Dei anslår at USA får ein vekst på 2,2 prosent i 2012, eurolanda minus 0,3, Japan 1,3 prosent og utviklingslanda 5,4 prosent.

Situasjonen i Noreg er langt lysare. Arbeidsløysa er låg, lønsveksten har vore rimeleg god, og kjøpekrafta har auka. Forbrukarane er likevel i ferd med å bli meir forsiktige. Økonomien har i aukande grad preg av ei todeling. Det som har med petroleum og offshore å gjere er inne i en boom. Investeringane er rekordhøge og oljeprisen har også stige til eit høgt nivå, samtidig som det er gjort nye funn. For anna eksportretta næringsliv vil truleg situasjonen i aukande grad bli påverka av den svake marknadsvæksten i utlandet.

Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av Innovasjon Norge i januar 2012.

Kapital – ei rasjonert vare?



Dystre økonomiske utsikter, auka risikopremie og strengare krav til kapitaldekning i bankane. Det er nokre av faktorane som vil påverke tilgangen på kapital for norske verksemdar i året som kjem.

Europeisk uvisse gir strammare kredittmarknad

Utviklinga i Europa er raskt vekslende. Dei siste månadene har det dagleg kome nye meldingar frå Europa som gir grunn til optimisme eine dagen, og skapar ny uro den neste.

Gjeldskrisa i Europa har ført til uro også i norske finansmarknader. Noregs Bank har sett ned styringsrenta i eit forsøk på å dempe den verste turbulensen, men aktørane merkar likevel at kredittmarknaden har hardna til. - Prisen på kapital har gått opp, så kostnadene har auka. Det er stor uvisse om korleis marknaden vil bevege seg, seier Stein Klakegg, administrerande direktør i Sparebanken Vest.

I desember sette Den europeiske sentralbanken i verk nye tiltak for å roe tilhøva i den europeiske finansmarknaden. Men dette har i liten grad kome låntakarar i kredittmarknaden til gode. Lågare renter og moglegheita for europeiske bankar til å ta opp treårige lån med reduserte krav til sikring var

nokre av tiltaka som vart innført for å redusere risikoen for fullstendig kredittskvis i den europeiske finansmarknaden. Men i staden for å låne ut pengar, valde europeiske bankar å sette pengane tilbake på konto i sentralbanken. Stadig fleire EU-land har fått nedgradert kredittverdigeita saman med EU sitt eige krisefond. Det medverkar til å auke mistilliten mellom bankane.

I følgje Aksel Mjøs, forskar ved Norges Handelshøyskole, skuldast slik mistillit at aktørane ikkje har tilgang på tilstrekkeleg informasjon, til dømes om risikoeksponering. - Mangelfull informasjon er ei grunnleggjande utfordring i kredittmarknaden og under ei krise vert dette forsterka. Ein såg det til dømes under finanskrisa i 2008. Aktørane i finansmarknadene visste ikkje kvar risikoen frå dårlege bustadlån i USA låg. Difor auka bankane risikopremien over heile linja. Dette gjekk på tilliten laus, forklarar Mjøs.

Bankane strammar livreima

Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret viser at store delar av næringslivet ventar at investeringstakten vil flate ut i 2012. Det skuldast truleg frykt for innstrammingar i kredittmarknaden. Noregs Bank si utlansundersøking for 4.kvartal 2011 viser at frykta ikkje er ugrunna. I løpet av siste kvartal i fjor stramma norske bankar inn kredittpraksis overfor bedriftsmarknaden, særleg når det gjaldt utlån til næringsseigedom. I følgje rapporten er det venta ytterlegare innstrammingar i utlanspraksis i årets første kvartal.

For Fjellstrand verft er situasjonen krevjande. - Finansieringssituasjonen for nybygg er svært vanskeleg for tida, seier Nils Aadland, administrerande direktør i Hardangerverksemda. - Kundane våre har alvorlege problem med finansieringa av nybygg. Nye prosjekt blir derfor ofte utsett eller let seg ikkje realisere.

Men ikkje alle vil vedgå at dei har blitt strengare. I følgje Stein Klakegg i Sparebanken Vest har banken ikkje endra sin utlanspolitikk som følgje av marknadsuroa. - Vi gjer som i 2008, har is i magen og tenkjer langsiktig. Med andre ord prøver vi å halde fram vår utlanspolitikk som vi har gjort tidlegare, seier Klakegg. Han peikar på at banken sine innlånskostnader har auka meir enn det dei tek inn gjennom utlån.

Heller ikkje divisjonsdirektør i DNB, Katrine Trovik, trur det vil bli særleg mykje vanskelegare for verksemdene å få lån framover. - Det er sjølv sagt avhengig av banken sin kapasitet og verksemdene si beteningsevne. Har vi nok kapasitet så kan vi auke utlåna. Men dei nye eigenkapitalkrava til bankane vil nok verke innstrammande, særleg for dei store verksemdene, legg ho til.

Det er med andre ord fleire faktorar enn krisa i Europa som påverkar utviklinga i kapitalmarknaden og bankane sin utlanspolitikk. Strengare krav til kapitaldekning i bankane er ein av dei, noko utlansundersøkinga til Noregs Bank òg viser. Likevel uttala nyleg Bjørn Roger Wilhelmsen i First Securities til Dagens Næringsliv at han trur innstramminga framover blir marginal. Han trur heller ikkje bankane kjem til å heve utlansrentene framover, sidan marginane har auka som følgje av at både styringsrenta og påslaga i pengemarknaden har gått ned i det siste.

Slår mest ut i store verksemdar

Korleis vil ein redusert kapitaltilgang slå ut på ulike delar av næringslivet i fylket? I følgje Aksel Mjøs er det små og nye verksemdar som vil få størst vanskar med å skaffe ny kapital. - Kort sagt kan ein seie at små verksemdar som gjerne slit med å overtyde bankane og har mindre å pantsetja, får små og korte lån, medan robuste firma får større og lengre lån. I tillegg har små verksemdar færre alternative kapitalkjelder å velje mellom enn det store verksemdar har.

Mjøs si forskning tyder på at små verksemdar difor ofte sikrar seg i forkant av ei krise t.d. gjennom å auke kontantbeholdninga. Når krisa kjem, har desse verksemdene gjerne ein større buffer enn store verksemdar som er vane med kontinuerlig tilgang på kreditt. - Ein ser difor at investeringane går meir ned i større verksemdar enn i små når det skjer innstrammingar i kreditt-tilgangen, seier Mjøs.

Vekstnæringane mindre utsett

Når det gjeld utsiktene for næringslivet i Hordaland er Mjøs likevel ikkje uroa. - Verksemdene på Vestlandet er stort sett robuste. Han får støtte frå Katrine Trovik i DNB, - Vi har ei sunn utlansportefølje med låge tapstal. I løpet av 2011 har vi også sett ei positiv utvikling på innskotssida. Det viser at verksemdene har likviditet, påpeikar DNB-sjefen.

Men enkelte bransjar er meir utsett enn andre. Mjøs sine forskarkollegaer på NHH har funne at verksemdar som driv forskning og utvikling er særleg utsett i krisetider, grunna mangel på kapital frå eigarar, bankar og potensielle investorar. - Moglegheita til å få pengane igjen frå verksemdar som enno ikkje har vist lønsemd er dårlegare i krisetider, seier Lasse B. Lien til Bergens Tidende.

Også Trovik trur kapitaltilgangen vil variere mellom bransjar. - Når verksemdene blir meir pessimistisk til eiga innteningsevne, blir jo vi òg meir restriktive. Difor vil nok verksemdar som arbeider innafor bransjar der det er pessimisme ha større vanskar med å få lån, medan vekstnæringane vil få finansierte og store investeringar, trur Trovik.

EKSSPORTFINANSIERING - KVA NO?

Etter 50 års drift er Eksportfinans no historie. Finansinstitusjonen har vore viktig for den norske eksportnæringa, særleg for verksemdar som produserer kapitalintensive varer. Avgjerda om å leggje ned Eksportfinans, som følgje av innføringa av det nye kapitalkravdirektivet frå EU, har difor skapt uro i eksportnæringa. - Mange av våre medlemmer brukar Eksportfinans aktivt. Det blei mykje uro når regjeringa vedtok å leggje ned ordninga og ein ikkje visste kva som ville skje vidare, seier dagleg leiar for Maritimt forum i Bergensregionen, Susanne Andersen. Avgjerda førde òg til at finansinstitusjonen vart nedgradert av fleire ratingbyrå, noko som skapa ytterlegare uro i marknaden. - Vi har hatt ein dramatisk situasjon der det blei skapt uvisse om milliardkontraktar og arbeidsplassar langs heile kysten, seier Andersen.

Planen er at eit statleg organ skal overta ordninga med kontraktfinansiering seinast frå 1. juli i år. I følgje næringsminister Trond Giske er dette eit viktig grep for å sikre framtida til norsk eksportindustri. I mellomtida har regjeringa gitt Eksportfinans ei ramme på 30 milliardar for å administrere overgangsordninga og gi tilsegn på nye lån. - Utdringa no er å unngå meir problem i overgangsperioden og ikkje minst sikre at kompetansen blir vidareført i den statlege ordninga, understrekar Andersen.

Regional optimisme, men usikre internasjonale forhold



Arbeidsløysa i Hordaland vart redusert med 5,2 prosent og etterspurnaden etter ledige stillingar auka med 11,6 prosent når vi samanliknar 2010 med 2011. Særleg er det høg etterspurnad etter fagarbeidarar og ingeniørar. Det er uvisst korleis internasjonal økonomi vil påverke verksemdene i Hordaland, og om verksemdene vil få tilstrekkeleg påfyll av rett kompetanse.

Arbeidsløyse

Ved utgangen av desember 2011 var 5 674 personer heilt utan arbeid i Hordaland, noko som utgjer 2,2 prosent av arbeidsstyrken. Dette er ein reduksjon på 11,6 prosent frå desember 2010.

Voss/ Hardanger har over tid hatt lågast arbeidsløyse i Hordaland. Sunnhordland er den einaste regionen i Hordaland som har hatt auke i arbeidsløysa i 2011 (+2,9 prosent). Ein stor del av dei ledige i Sunnhordland er permitterte.

Arbeidsløysa er høgast blant menn. 2,4 prosent av den manlege delen av arbeidsstyrken var heilt utan arbeid ved utgangen av 2011. Blant kvinner var 1,9 prosent ledige på same tidspunkt. Sjølv om arbeidsløysa blant kvinner er relativt låg, har vi hatt ei auke på 6,1 prosent ledige i snitt frå 2010. Arbeidsløysa blant menn har på same tid hatt ein reduksjon på 11,7 prosent. Dette biletet ser vi att i statistikken over ledige stillingar. I 2011 har etterspurnaden innafor dei mannsdominerte yrka auka kraftig, medan situasjonen for yrke som i hovudsak sysselset kvinner har vore prega av reduksjon eller stabilitet.

Medan personer med innvandrarakgrunn opplever at situasjonen er relativt uendra, har arbeidsløysa blant ungdom under 25 år gått ned med 9,5 prosent i 2011.

Reduksjonen i arbeidsløysa har vore størst for personar med bakgrunn innan Ingeniør- og IKT-fag og bygg og anlegg. Størst auke i arbeidsløysa har ein for personar med kompetanse frå offentleg sektor.

Stillingstilgangen

I løpet av 2011 vart det i snitt lyst ut vel 2400 ledige stillingar i månaden i Hordaland.

Samla hittil i år har det vore ein auke i stillingstilgangen på 11,6 prosent samanlikna med same periode i fjor. Ser ein landet under eitt har auken vore på 6 prosent. Dette gjeld stillingar som er lyst ut offentleg gjennom ulike media og via NAV. Størst auke finn vi innafor ingeniør- og IKT- yrka (32,8

prosent). Så følgjer bygg- og anlegg med 28,6 prosent auke, og barne- og ungdomsarbeid med 27,5 prosent. Vi ser den same tendensen når vi ser etterspurnaden for heile landet.

Kompetansegapet

Kompetansegapet er ei utfordring. Den venta veksten kan bremse opp om ikkje verksemdene klarar å skaffe medarbeidarar med rette kvalifikasjonar, f.eks. ingeniørar.


På mange måtar er moglegheitene for arbeid svært store, men kompetansekrava er det viktigaste hinderet for å få fleire personar i arbeid. Situasjonen for mange arbeidssøkjjarar hos NAV er manglande formalkompetanse i kombinasjon med liten/smål realkompetanse. Hordaland har dei siste åra busett eit høgt tal flyktningar. I denne gruppa er det mange utan formell kompetanse. I tillegg er svake norskkunnskapar og manglande nettverk i arbeidslivet eit stort hinder for å komme inn på arbeidsmarknaden. Dei to sistnemnte forholda gjeld også for flyktningar med høgare utdanning. Vi registrerer også ein tendens til auka konkurranse frå arbeidsinnvandrarar frå EØS-områda om ufaglærte stillingar.

Prognose for 2012

Verksemdene i Hordaland er optimistiske, særleg i olje og gasssektoren, noko som vil medverke til å oppretthalde høg aktivitet og etterspurnad etter arbeidskraft i vår region. Den venta veksten kan likevel bremse opp om verksemdene ikkje klarar å skaffe kvalifisert arbeidskraft.


Sjølv om verksemdene i Hordaland signaliserer optimisme for 2012, meiner NAV det er noko uvisst korleis utviklinga i internasjonal økonomi vil arte seg framover. Som eit av dei viktigaste eksportfylka i landet, vil krise i euro-sona påverke mange Hordalandsverksemdar. Som følgje av dette ventar NAV Hordaland ei auke i arbeidsløysa på 12 prosent. Dette vil føre til at den gjennomsnittlege arbeidsløysa aukar til rundt 7000 arbeidssøkjjarar i snitt i 2012, mot 6200 i 2011.

Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av NAV.



Figur 1 Arbeidsledige og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak i fylka, i prosent av arbeidsstyrken. Gjennomsnitt 2011. Kjelde: NAV

Vekst lengst vest




Dei ulike regionane i Hordaland har ulike utfordringar for næringslivet og kvar sine forventingar til framtida. Størst er optimismen i kystkommunane vest for Bergen.

Bergensregionen

Bergensregionen, med kommunane Bergen og Os, har flest innbyggjarar i fylket. Folketalet har auka med rundt åtte prosent dei siste fem åra og mest kvar sjettede Hordalending er i dag busett i regionen. Bergensregionen har eit variert næringsliv. Særleg mange arbeider i bransjane finansiell og forretningsmessig tenesteyting og kultur, reiseliv og oppleving.

Mot slutten av 2011 var det 2,2 prosent arbeidsløysa i Bergensregionen. Det er ein svak reduksjon frå eit år tilbake, då 2,9 prosent av arbeidsstyrken stod utan arbeid. Om spådomane i Næringsbarometeret slår til, vil arbeidsmarknaden kunne bli endå strammare dei komande månadene. Vel 40 prosent av verksemdene reknar med at dei vil auke talet på sysselsette i 2012 og mest ingen ventar reduksjon. Samstundes oppgir kvar femte verksemd at dei har ledige stillingar fordi dei ikkje finn personell med dei rette kvalifikasjonane. Som for fylket elles, er det fyrst og fremst ingeniørar og fagarbeidarar som er mangelvare.

Næringslivet i Bergensregionen er prega av optimisme for det nye året. Den samla forventingsindeksen er på 39 poeng, eit tal som berre er overgått av Region Vest. To av tre verksemdar ventar auke i omsetnaden i 2012, og godt over halvparten ventar betre lønsemd. Når det gjeld framtidige investeringar, er derimot nivået noko lågare. Her ventar 31 prosent auke og 17 prosent reduksjon.




Figur 1: Verksemdene sine forventingar for 2012 med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Region Vest

Dei fire kystkommunane på vestsida av Bergen er den regionen som veks mest i Hordaland. Det gjeld både folketal og sysselsetting. Vel 58 900 personar er busett i regionen i dag. Folketalet har auka med 11 prosent dei siste fem åra. Dei marine næringane, som tradisjonelt var svært viktige i denne regionen, utgjer no berre 1,5 prosent av sysselsettinga. Derimot arbeider om lag 15 prosent i industrien og rundt 10 prosent i bygg og anlegg.

Mot slutten av 2011 var arbeidsløysa i Region Vest på 2,5 prosent, mot 3,0 prosent ved inngangen til året. Regionen kjem til å trengje mange nye arbeidarar i løpet av dei neste månadane. Heile 55 prosent av verksemdene ventar auke i talet på tilsette i 2012, og mest ingen ventar nedgang. Region Vest er den regionen i fylket som ventar størst vekst i sysselsettinga. Som i fylket generelt er det akutt mangel på ingeniørar og fagarbeidarar. Tre av fire verksemdar i regionen oppgir at dei har vanskar med å skaffe dei fagarbeidarane dei har bruk for.

Det er i Region Vest vi finn dei mest optimistiske verksemdene i fylket. Den samla forventingsindeksen er på heile 46 poeng, mot 35 i fylket sett under eitt. To av tre verksemdar ventar at omsetnaden vil auke i 2012 og 60 prosent ventar betre lønsemd. Regionen ligg også høgt når det gjeld venta investeringsaktivitet. Rundt 34 prosent ventar vekst og rundt 13 prosent reduksjon.




Figur 2: Verksemdene sine forventingar for 2012 med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Nordhordland

Nordhordland er ein region i vekst. Vel 39 300 personar er per i dag busett i regionen. Folketalet har auka med 8,2 prosent dei fem siste åra, men regionen er prega av store interne skilnader. Mellom anna har Meland hatt ein vekst på rundt 16,3 prosent, medan Fedje har hatt ein reduksjon på 6,5 prosent. Dei sentrale delane av regionen har dei siste åra vore prega av dei store utbyggingane ved Mongstad, og regionen skil seg frå andre delar av fylket med ei særleg høg sysselsetting i industrien, rundt 25 prosent.

Arbeidsløysa i Nordhordland er låg og minkande. For vel eit år sida var 2,9 prosent av arbeidsstyrken utan arbeid. Mot slutten av året var talet nede i 1,6 prosent. For året som kjem ventar kvar tredje verksemd å auke talet på tilsette. Samstundes ventar om lag 10 prosent av verksemdene reduksjon. Ingen andre regionar i fylket har lågare forventingar for talet på tilsette. Det er også færre verksemdar enn elles i fylket som seier at det er mangel på ingeniørar. Derimot seier rundt 85 prosent av verksemdene at dei har vanskar med å finne dei fagarbeidarane dei har bruk for.

Nordhordland er den regionen i fylket som har lågast forventingar til 2012. Den samla forventingsindeksen er på 26 poeng. Rundt 47 prosent av verksemdene ventar auke i omsetnad, og nokså nøyaktig halvparten trur dei vil få betre lønsemd. Verksemdene er meir varsame når det gjeld investeringar. Rundt 33 prosent ventar vekst og heile 22 prosent reduksjon.




Figur 3: Verksemdene sine forventingar for 2012 med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Sunnhordland

Sunnhordland er den nest største regionen i fylket, med eit folketal på om lag 62 200. Folkeveksten er moderat, rundt 4,6 prosent i løpet av dei siste fem åra. Storparten av denne veksten skjer langs kysten, dei indre delane av regionen har liten eller ingen folketilvekst. Sunnhordland har større sysselsetting innan fiske og havbruk enn dei andre kyst regionane i fylket (3,3 prosent) og har også ein relativt stor industrisektor (22 prosent).

Den gjennomsnittlege arbeidsløysa i kommunane i regionen er 2,3 prosent. For vel eit år sidan var 2,7 prosent utan arbeid. Utfordringane er størst på Stord, der 3,9 prosent av arbeidsstyrken står utan arbeid. Dette skuldast mellom anna at rundt 150 av dei tilsette ved Kværner Stord er permittert i påvente av at arbeidet med dekket til den nye Eldfisk-plattformen skal starte opp på ettervinteren. Resultata frå Bedriftsundersøkinga kan tyde på at situasjonen vil betre seg i 2012. Omlag 31 prosent av verksemdene i regionen ventar å auke talet på tilsette og mest ingen ventar reduksjon. Samanlikna med dei andre regionane i fylket, ligg Sunnhordland midt på treet når det gjeld venta sysselsettingsvekst.

Den samla forventingsindeksen for Sunnhordland er derimot relativt låg, 27 poeng, og berre eitt poeng over Nordhordland som ligg lågast. Omlag 55 prosent av verksemdene i regionen ventar vekst i omsetnaden og om lag 46 prosent betra lønsemd. Når det gjeld investeringar, er det derimot berre 29 prosent som ventar vekst og 17 prosent reduksjon.




Figur 4: Verksemdene sine forventingar for 2012 med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Hardanger og Midthordland

Hardanger og Midthordland er den overlegent største regionen i fylket i areal, men huser berre 47 200 innbyggjarar. Folketalsveksten har også stoppa opp. I løpet av dei siste fem åra har tilveksten vore på snau 0,7 prosent. Fleire kommunar opplever jamvel reduksjon, mellom andre Odda der folketalet har gått attende med 3,5 prosent på fem år. Regionane sysselset fleire i landbruksnæringa enn dei andre delane av fylket (5,7 prosent). Utanom Bergensregionen er det heller ingen andre regionar som har så stor sysselsetting innan kultur, reiseliv og opplevingar (5,8 prosent).

Kommunane i Hardanger og Midthordland har den lågaste gjennomsnittlege arbeidsløysa blant regionane i fylket på 1,7 prosent. For eit år sidan var dette talet 2,8 prosent. Berre Ulvik skil seg markert ut, med ei arbeidsløysa på 2,8 prosent. Rundt ein tredjedel av verksemdene i Hardanger og Midthordland ventar å auke talet på tilsette i 2012 og berre fem prosent ventar reduksjon. Fleirtalet av verksemdene har vanskar med å finne nok ingeniørar og fagarbeidarar, slik situasjonen òg er for dei andre regionane i fylket. Tre av fire verksemdar seier at dette er ei utfordring.



Hardanger og Midthordland har ein samla forventingsindeks på 35 poeng. Det er noko under Bergensregionen og Region Vest, men markert høgare enn Sunnhordland og Nordhordland. Rundt 54 prosent av verksemdene ventar auka omsetnad i året som kjem. 47 prosent trur dei vil få ei betring av lønsemda. Som i dei andre regionane er det større uvisse når det gjeld framtidige investeringar. Rundt 33 prosent ventar vekst og sju prosent reduksjon.



Figur 5: Verksemdene sine forventingar for 2012 med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Alle piler peikar oppover



Tida med uro i byggjenæringa og eideomsmarknaden i Hordaland er over. No er næringa blant dei største framtidsoptimistane i fylket.

Sterk vekst i nye ordrar

Etter ein markant nedgang i trua på framtida for byggjenæringa og eigedomsmarknaden frå 2007 til 2009, ser trenden no ut til å ha snudd. Verksemdene i Hordaland ser igjen lyst på moglegheitene for auka omsetnad og lønsemd, investeringar og rekruttering av nye medarbeidarar. Dei sterke svingingane har vore spesielle for denne næringa. Utviklinga i dei globale marknadene, med finansielle og budsjettmessige kriser og kutt i offentlege budsjett og tenester i Europa, har prega utviklinga i byggje- og eigedomsnæringa sidan 2007. No syner tal frå Statistisk sentralbyrå sterk vekst i omsetnad og ordretilgang for byggje- og anleggsektoren i Hordaland (sjå fakta).

Trur på gode tider

Optimismen i bransjen er høgare enn gjennomsnittet for alle næringane i fylket. Mest 90 prosent av verksemdene i byggjenæringa og eigedomsmarknaden er positiv til eigen marknadssituasjon ved utgangen av 2011. Når det gjeld utviklinga framover, trur 52 prosent at marknadssituasjonen vil vere uendra, medan 42 prosent trur på betring i 2012. Bedriftsundersøkinga viser òg at nær seksti prosent av verksemdene ventar auka omsetnad det neste året, og mest


like mange ventar auka lønsemd. Den store aktiviteten i petroleumssektoren, med mange positive nyhende den siste tida, er nok ei naturleg forklaring på dei høge forventingane i næringa.

Det syner òg nokre av svara frå verksemdene. Ei verksemd trur den gode utviklinga i annan industri i fylket er årsaka til dei gode tidene i byggjenæring og eigedomsmarknad. Andre trur på meir aktivitet i privatmarknaden og auka offentleg innsats i byggje- og anleggsektoren.


Bustadmarknaden er òg inne i ein positiv fase. Ei av verksemdene seier at dei blir kontakta av nye potensielle kundar omtrent kvar månad.

Treng fleire faglærde


Dei gode marknadstilhøva i Hordaland for byggjenæringa og eigedomsmarknaden har ført til vanskar med å rekruttere arbeidskraft. Ei av fire verksemdar har ledige stillingar i dag og Bedriftsundersøkinga syner at 45 prosent ventar auka sysselsetting i 2012. Samstundes seier 90 prosent at dei har problem med å rekruttere faglærte arbeidarar. Òg når det gjeld høgt utdanna teknisk personell har bransjen visse utfordringar. Kvar fjerde verksemd opplever vanskar med å rekruttere denne typen kompetanse.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N=133. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga




Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa byggjenæring og eigedomsmarknad er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

fakta

Dette er den sjette største næringa i Hordaland med meir enn 19 000 tilsette innan byggje- og anleggsektoren og over 2 600 i eigedomsbransjen. Endringar i byggje- og anleggsektoren blir primært målt i produksjon av nye bygg og bustader. Eigedomsmarknaden er knytt til omsetnad av desse. I følgje Statistisk sentralbyrå var det ein vekst i omsetnad på 10,5 prosent i byggje- og anleggsverksemda i Hordaland i 2011. Saman med marknaden i Sogn og Fjordane vaks ordretilgangen med heile 38 prosent, den sterkaste veksten i Noreg.

Svart gull og grønne skogar



Auka oljeaktivitet gir vekst for industrien i Hordaland. Sjølv eksportindustrien ser ut til å takle krisa i verdsøkonomien godt. No er utfordringa å få tak i nok kvalifisert arbeidskraft.

Vidare vekst i industrien

Industrien i Hordaland ser rimelig lyst på året som kjem. Den samla forventingsindeksen peikar svakt oppover samanlikna med i fjor. Fire av ti verksemdar reknar med å auke talet på tilsette i 2012. Om lag halvparten ser for seg at lønsemda skal bli betre. Godt over 60 prosent ventar vekst i omsetnaden. Det er likevel eit stykkje igjen opp til den hallelujastemninga

som prega Hordalandsindustrien i dei siste åra før finanskrisa. Investeringsindeksen avslører gryande teikn på uvisse. Det er den einaste av delindeksane som peikar nedover. Dette kan nok skuldast ei viss frykt for at Noreg og Vestlandet heller ikkje er immune mot kriseteikna i Europa. Medan rundt 34 prosent av industriverksemdene i fylket ventar vekst i investeringane, er det nærare 20 prosent som ventar nedgang.

Gode tider i leverandørindustrien

Både omsetningen og produksjonen i den norske industrien var i oppgang mot slutten av 2011 i følge SSB. Veksten kjem hovudsakeleg frå heimemarknaden og får sterk draghjelp frå det høge aktivitetsnivået i petroleumssektoren. Særleg bygging av skip og boreriggjar samt maskinindustrien markerer seg med sterk vekst mot slutten av året. Dei sterke vekstimpulsane frå olje- og gassverksemda vil heller ikkje bli mindre framover. Dei siste investeringsestimata for 2012 er på heile 185 milliardar kroner. Mykje av dette vil kome verfts- og leverandørindustrien på Vestlandet til gode.

Ikkje uventa er optimismen til industriverksemdene i Hordaland i stor grad oljesmurt. Medan den samla forventingsindeksen til verksemdar med petroleumsrretta omsetnad er på heile 48 poeng, er den tilsvarande verdien for resten av industrien berre 25. Godt over halvparten av dei petroleumsrretta verksemdene ventar å auke arbeidstyrken i det komande året og godt over 60 prosent ventar betre lønsemd. Desse verksemdene er også langt meir villige til å auke sine investeringar. Nærare halvparten ser for seg ein auke i investeringane i 2012, medan berre 16 prosent ventar reduksjon.

Nisjeverksemdar gjer det godt i eksportmarknaden

Medan eksportindustrien i Norge synte teikn på nedgang i dei siste månadene av 2011, ser eksportverksemdene i Hordaland jamt over lyst på framtida. Den samla forventingsindeksen for eksportverksemdar utanfor oljesektoren er på 32 poeng. Om vi også tek med eksportretta leverandørindustri, stig talet til 41.

Mange industriverksemdar i fylket har retta seg inn mot den aukande marknaden for grøn teknologi. Dei får god draghjelp frå skjerpa miljøkrav i internasjonale avtalar og nasjonal lovgiving, noko som gjer dei mindre kjenslevare for konjunktursvingingar. Strengare utslppskrav til sjøs har skapt ein veksande etterspurnad etter båtar med lågare forbruk av


drivstoff og utslipp av klimagassar.

Verksemdene som har gått saman i Arena-prosjektet Maritim Clean Tech West (MCTW) dreg nytte av denne utviklinga. - Ikkje minst gjeld dette typiske nisjeverksemdar med innovativ teknologi innafor avgrensa område, seier Hege Økland, leiar i MCTW. Eit talande døme er ServoGear på Rubbestadneset, som har utvikla eit verdslende propellsystem for effektiv energiutnytting. Dei underteikna nett ein kontrakt på levering av nye propellsystem til hurtigbåtar i New York. Prosjektet er delvis finansiert gjennom eit tilskot frå Obama-administrasjonen sitt Environment Protection Agency. - Om lag 75 prosent av omsetningen vår kjem frå eksport, seier Petter Martens i ServoGear. - Sjølv om vanskar med finansiering fører til at enkelte prosjekt blir utsett, har vi stor tru på at vi vil auke omsetningen vår også i 2012.


Også verksemdene i Arena-prosjektet Norwegian Offshore Wind (NOW) ser lyst på utviklinga. Vindkraft er i vinden i Europa og veks med om lag 30 prosent per år rekna i installert effekt. - Særleg verksemdar bygd på teknologi og røynsle frå olje- og gassindustrien er konkurransedyktige internasjonalt, seier Asle Lygre, leiar i NOW. - Men vi får lite hjelp frå heimemarknaden, der utviklinga meir eller mindre har stoppa opp, seier Lygre.

Mangel på ingeniørar og fagarbeidarar

Sysselsettinga i industrien vil auke med nesten 1500 personar (4,5 prosent) i 2012 om spådomane frå Næringsbarometeret si Bedriftsundersøking slår til. Men det er uvisst om verksemdene klarar å finne dei fagfolka dei har bruk for. Kvar femte verksemd oppgir at dei har ledige stillingar grunna manglande arbeidskraft med rette kvalifikasjonar. Det er særleg mangel på ingeniørar og fagarbeidarar. Knappt halvparten av verksemdene får ikkje tak i nok høgt utdanna teknisk personell, og heile 65 prosent manglar fagarbeidarar.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar. N = 112. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga




Figur 3: Sysselsatte fordelt på industrigrupper. Kjelde: SSB registerbasert sysselsetningsstatistikk

MARITIM CLEAN TECH WEST

Nettverket Maritim Clean Tech West (MCTW) arbeider for å skape framtidsretta, innovative og konkurransedyktige løysingar innan maritim sektor, der målet er å redusere miljøskadelege utslipp til luft og sjø. - Sjølv om alle verksemdene på ein eller annan måte jobbar med miljøvenleg maritim teknologi, opplever dei nok marknadssituasjonen som svært ulik, seier Hege Økland som er leiar i MCTW. Enkelte av nisjeverksemdene gjer det godt. Det same gjer dei verksemdene som leverer teknologi eller tenester til oljenæringa. Andre har det langt tøffare og opplever at prosjekt blir utsett eller kansellert, mellom anna grunna manglande tilgang til kreditt.

Treng arbeidskraft til oppturen



Hordaland er det nest største oljefylket i Noreg og nyt godt av auka investeringar i olje- og gassverksemda. Den største utfordringa no er mangel på kvalifisert arbeidskraft.

Nye investeringar krev nytenking

Det er Hordaland og Rogaland som får merke dei store effektane av veksten i olje- og gassverksemda. Om lag 2/3 av dei sysselsette i operatørverksemdene bur i desse to fylka. Saman med Møre og Romsdal, Oslo og Akershus er det her dei aller fleste arbeidsplassane i leverandørindustrien ligg.

Etter 22 nye oljefunn i Nordsjøen i 2011 ligg investeringane i olje- og gassverksemda an til å komme opp i 185 milliardar kroner i året som kjem. Det høgaste investeringsnivået kjem på felta Troll, Ekofisk, Gullfaks og Oseberg utanfor Vestlandet. - Då er det gode nyhende at regjeringa etterspør meir kompetanse innan dei felta vi allereie er gode på her i regionen.

Det seier Ove Lunde, dagleg leiar for interesseorganisasjonen HOG Hordaland, og siktar til stortingsmeldinga En næring for framtida - om petroleumsvirksomheten (2010-2011). - Men dette må ikkje bli ei sovepute for verksemdene i regionen. Mykje av den framtidige utviklinga vil skje knytt til utbygging av nye felt i nordlege område.

Lunde er opptatt av dei langsiktige behova. - Sjølv om vi vil trenge mykje av den same kompetansen dei neste 30 til 40 åra i norsk petroleumindustri som vi har hatt her i fylket til no, må vi tenkje nytt rundt dei endringane som kjem. Berre slik kan vi være i forkant av utviklinga.

Det er tre område der Hordaland må bli betre: utdanning, forskning og teknologiutvikling. - Skal vi få dette til, må vi ha eit langt betre samarbeid mellom offentlege styresmakter og private aktørar i petroleumsmarknaden, seier Lunde. - Dessutan må forskings- og utviklingsmiljøa kome mykje sterkare med.

Auka kompetansebehov

Den sterke veksten i investeringane fører med seg eit enormt behov for arbeidskraft. Det gjeld ikkje berre produksjonsarbeidarar i petroleumsnæringa, men òg høgt kvalifisert arbeidskraft innan planlegging, utvikling og drift av olje- og gassverksemda. Slike nye arbeidsplassar er viktig for at arbeidsmarknaden skal halde tritt med utviklinga austpå. - Høgt kvalifiserte folk flyttar dit arbeidsmarknaden er best. I Noreg er det i Oslo, uttala professor Victor D. Norman frå Norges Handelshøyskole i ei pressemelding frå Sparebanken Vest i 2010. - Eg har vanskeleg for å sjå korleis Vestlandet skal klare å halde på sine 250 000 høgt utdanna utan å få fleire kunnskapsbaserte arbeidsplassar.

Professor Norman får støtte av Trygve Arnesen, direktør i verksemda FMC Technologies, som nyleg opna ein 7000 kvadratmeter stor verkstadhall på Ågotnes utanfor Bergen. Dei

rekrutterer i gjennomsnitt 50 nye medarbeidarar i månaden, mest ingeniørar, og vil i løpet av 2012 trenge mellom 400 og 600 personar.

Mangel på fagarbeidarar

Tal frå Bedriftsundersøkinga tyder på at petroleumsnæringa allereie har utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Rundt 25 prosent av dei oljerelaterte verksemdene svarar at dei har ledige stillingar grunna rekrutteringsproblem. Mest 40 prosent svarar at det er vanskeleg å få tilsett høgt utdanna teknisk personell, til dømes ingeniørar og sivilingeniørar. Berre 24 prosent av andre verksemdar har dette problemet. Den største utfordringa for petroleumsnæringa er manglande tilgang på fagarbeidarar. Her svarar heile 60 prosent at dette er vanskeleg slik stoda er i dag.

Potensial for vekst

- Eg sender i dag ut tilbod om andelar til 42 selskap der 27 selskap får tilbod om operatørskap. Det er gledeleg å sjå eit variert aktørbilete og eit veksande mangfald av selskap på norsk sokkel. Det sa olje- og energiminister Ola Borten Moe 17. januar i år, i samband med den største konsesjonsrunda på norsk sokkel nokon sinne.

Potensialet for vekst er med andre ord stort, noko som speglar seg i forventningane hos dei petroleumsretta verksemdene i Hordaland. Heile 70 prosent av verksemdene som har svart på Bedriftsundersøkinga ventar auka omsetnad i 2012, og 60 prosent ventar eit betra driftsresultat. Samstundes er ikkje trua på investeringar like stor. Trass dei lyse utsiktene ser berre 39 prosent av verksemdene for seg investeringsvekst i 2012, og 17 prosent ventar reduksjon.


Stor regional kapasitet

Hordaland har stor kapasitet for ilandføring, foredling og vidareføring av petroleumprodukt. I Øygarden kommune ligg Kollsnes gassbehandlingsanlegg. I Lindås og Austrheim kommune finn vi Mongstad-terminalen, som mellom anna har tre kaianlegg for skip på inntil 400 000 tonn. Stureterminalen i Øygarden kommune har to kaianlegg for tankarar på opptil 300 000 tonn, og verksemda Vestprosess sitt anlegg i Lindås kommune driv eit transportsystem og utskilningsanlegg for våtgass.

Med nærleik til dei store felta i nordre del av Nordsjøen, der vi vil sjå ein sterk auke i investeringane for leiting, feltutbygging og drift i 2012, vil denne kapasiteten kunne gi store ringverknader i heile petroleumsnæringa på Vestlandet i mange år framover.


INVESTERINGAR PÅ NORSK SOKKEL

Leiteinvesteringane 4. kvartal 2011 var på 29,2 milliardar kroner, 1,9 milliardar høgare enn same anslag for 2010 (SSB). Investeringane til feltutbygging vart rekna til 39,7 milliardar kroner i 2011, 4,7 milliardar kroner høgare enn same anslag 4. kvartal 2010. Felta Skarv, Goliat og Gudrun har størst utbyggingsaktivitet i år. Investeringane til felt i drift er på 77,2 milliardar kroner, 14 milliardar høgare enn same tal for 2010. Her ligg Ekofisk, Troll og Valhall på topp. For landanlegg og transport i rør, vart investeringane anslått til 6,1 og 0,4 milliardar kroner.



Figur 1: Verksemdene sine forventningar for 2012, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Stø kurs



Transport og engros merkar uroa i verdsøkonomien godt. Likevel ligg det an til vekst i 2012 - i eit fylke som verkar urørd av konjunktursvingingar.

Få teikn til konjunkturedgang


Forventingane har stige jamt i bransjen dei siste åra, etter eit rekordlågt nivå etter finanskrisa i 2009. Med uro i Europa skulle ein tru at transport og engrosnæringa igjen ville bli påverka. I staden ser vi ei stabilisering med ein svak auke i forventingane for 2012. 40 prosent av verksemdene vurderer sin marknadssituasjon som god eller svært god, og like mange trur at den vil betre seg i 2012.

Fjord1 har ferjer langs kysten frå Rogaland i sør til Finnmark i nord. Konsernsjef Leif Øverland meiner ferjetrafikken er ein god konjunkturindikator. -Vi ser at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er sensitive for konjunktursvingingar, medan Hordaland og spesielt Rogaland verkar tilnærma uavhengig av desse. Mellom Stavanger og Bergen er det vekst i yrkestrafikk på ferjene, medan det nordover er omlag flatt, seier Øverland.


Rolf Knarvik, dagleg leiar i Rolf Knarvik transport, er ein av dei som ser positivt på 2012. -Denne vinteren går det veldig greitt til vintersesong å vere, seier han. Hovudvekta av verksemda sine transportoppdrag er knytt til byggebransjen og treindustrien. - Vi merka finanskrisa i 2009 godt, og hadde nokre utfordrande år. Men no er det godt med oppdrag. Vi ser ingen kriseteikn og byggjer no ny godsterminal på Os.

Olja gir vekst i sysselsettinga

Optimismen i Hordaland heng i stor grad saman med utviklinga i oljenæringa og dei mange gode nyhenda dei siste månadene. Når 30 prosent av verksemdene innan transport-



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 89. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

fakta


Transport og engrosnæringa sysselset 24 949 personar i Hordaland. Dette svarer til 10,2 prosent av den samla sysselsettinga i fylket.

og engrosnæringa leverer tenester til oljenæringa, påverkar dette naturleg nok forventingane positivt. Ser ein til dømes på forventingane for omsetnad, ventar 60 prosent av verksemdene auke i 2012. Dersom ein berre tek omsyn til dei av verksemdene som har oljerelatert omsetnad, aukar denne delen til 76 prosent. Same tendensen ser ein når det gjeld sysselsetting. Medan 40 prosent av den samla næringa ventar sysselsettingsauke neste år, ventar over 50 prosent av dei petroleumsretta verksemdene å auke talet på tilsette.

Om estimata er korrekte, kan ein vente ein sysselsettingsauke på 6,6 prosent i 2012. Det vil gje 1600 nye arbeidsplassar i fylket. 25 prosent av verksemdene trur det vil bli vanskeleg å rekruttere nok kvalifisert arbeidskraft til nye stillingar, og undersøkinga tyder på at utfordringane er større når det gjeld enkelte typar kompetanse. Over halvparten av verksemdene opplever at det er vanskeleg å rekruttere fagarbeidarar.

Tøft for shipping

Om fleirtalet av verksemdene i bransjen har auka forventningar til året, er det annleis for norsk shipping. 2012 ser ut til å bli eit krevjande år. Det har vore tøffe tider for shippingbransjen sidan finanskrisa. Kapitalmangel og overskot på skip skapar framleis store problem i bransjen. I følgje Susanne Andersen, dagleg leiar i Maritimt Forum i Bergensregionen, er ratane no veldig låge og utsiktene framover er ikkje særleg oppløftande. -Reiarlaga klarar seg, men det er veldig tøffe dagar, seier Andersen.



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjene som gruppa transport og engros er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

STRAMMAR INN FOR UTANLANDSKE TURBUSSAR

Medan det lenge har vore reglar for kor lenge og kor mange turar utanlandske vogntog kan køyre i Noreg i eit gitt tidsrom, har det vore meir uklart for turbussar. No ligg det an til klarare avgrensingar også her. Det inneber at utanlandske bussar ikkje lengre kan bli i Noreg gjennom heile sommarsesongen. Reiselivsnæringa er skeptisk til dette (sjå Kultur, reiseliv og opplevingar).

Leif Øverland i Fjord1 meiner reiselivsnæringa overdramatiserer situasjonen. - Dette er slått opp stort som at det vil ramme reiseliv. Men dei nye reglane er ikkje stramme, og endringane i turbussmarknaden vil ikkje bli dramatiske. Han har likevel forståing for at det i 2012 kan bli nokre kapasitetsproblem då endringane i regelverket kjem kjapt. Men han trur kapasiteten i den norske turbussmarknaden er god, og lett vil kunne utvidast med tanke på 2013. Sjølv gjer Fjord1 det greitt på turbussmarknaden, dei er retta mot faste kundar som ønskjer kvalitet. For på pris er det umogleg å konkurrere med dei utanlandske verksemdene om ein ønskjer å betale tariff og overhalde kviletidsreglar, seier Øverland.

Auka aktivitet, lågare marginar



Usikre økonomiske tider dempar investeringslysta. Men forventingar om auka aktivitet viser at verksemdene ikkje let seg skremme av uroa i Europa.

Auka aktivitet

Trass urolege finansmarknader, er stemninga blant verksemdene innanfor finansiell og forretningsmessig tenesteyting grunnleggjande optimistisk. 9 av 10 verksemder vurderer sin eigen marknadssituasjon positivt, og berre 11 prosent av verksemdene ventar ein svekka marknadsposisjon i løpet av 2012. Aktiviteten i næringa ser ut til å auke gjennom 2012. To av tre bedrifter ventar auka omsetnad i 2012 og nær halvparten av verksemdene ventar auke i sysselsettinga. Dersom estimata er korrekte, kjem det 3 400 nye arbeidsplassar i næringa det komande året.


Oljedriven optimisme

Samtidig er mange av verksemdene i denne næringa avhengige av at det går godt også i andre næringar. Noko av forklaringa på den rådande optimismen ligg nett her. Når ei av tre verksemder i næringa leverer tenester til petroleumsnæ-

ringa - ei næring der alle piler peikar oppover og kriseteikna er totalt fråverande - er det liten tvil om at dette påverkar forventingane i positiv retning. For mange verksemder, særleg innan teknisk tenesteyting, utleie og arbeidskrafttenester, utgjer petroleumsnæringa ei trygg hamn.

Førebudd på lågare marginar

Sjølv om aktiviteten aukar, er det dermed ikkje sagt at næringa styrer unna ein eventuell konjunkturedgang. Fleire verksemder ventar at 2012 vil gi eit svakare resultat enn fjoråret. Uvisse om kva 2012 vil bringe gir seg også utslag i dempa investeringslyst. Lågare investeringsvilje er ein naturleg konsekvens av ein eventuell konjunkturedgang, men verksemdene sine forventingar heng òg saman med frykt for innstrammingar i kapitalmarknaden.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 121. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa finansiell og forretningsmessig tenesteyting er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsetningsstatistikk

fakta

Samla sett er 29 209 personar sysselsett innanfor finansiell og forretningsmessig tenesteyting, noko som utgjer 11,9 prosent av den samla sysselsettinga i Hordaland.

VESTLANDETS FINANSHOVUDSTAD

Bergen utmerker seg som finanssentrum på Vestlandet. Det kjem fram av ei kartlegging gjennomført av Bergen Næringsråd hausten 2011. Undersøkinga viser at finansnæringa i Bergen, rekna i talet på sysselsette, er dobbel så stor som i Stavanger og Trondheim til saman - og næringa er veksande. Tal frå undersøkinga viser at Bergen ved utgangen av 2010 hadde 5546 tilsette fordelt på 113 verksemder innafor finans og forsikring. Næringa venta ytterlegare vekst på 167 personar innan utgangen av 2011. I følgje same undersøkinga er forventingane for 2012 òg positive - i tråd med det Næringsbarometeret viser for næringa som heilskap.

BEMANNINGSBRANSJEN TEK PULSEN PÅ NÆRINGSLIVET

Ein bransje som lever av å tilby arbeidskraft til andre verksemder, merkar raskt når det kjem eit økonomisk véromslag. Når verksemdene strammar inn, er mellombels tilsette og innleidd arbeidskraft gjerne dei første som blir råka. - Utviklinga i bransjen kan sjåast som eit barometer på utviklinga i næringslivet elles, seier Even Hagelien i NHO Service. Dei organiserer majoriteten av norske bemanningsverksemder. Til saman står medlemsverksemdene for nær 90 prosent av den samla omsetnaden i bransjen.

Historisk har Hordaland lege noko over gjennomsnittet for landet når det gjeld bruk av arbeidskraft gjennom bemanningselskap. Selskapa har hatt gode tider dei siste åra etter nedturen i 2009. I følgje Hagelien er den positive trenden no i ferd med å snu;- 2012 vil bli eit krevjande år for bemanningsbransjen. I 3. kvartal 2011 såg vi at konkurranseutsett industri opplevde reduksjon i bruk av innleidd arbeidskraft. Mykje tyder på at også resten av næringslivet i 2012 vil møte større utfordringar, seier Hagelien. Men i Hordaland kan bransjen senke skuldrene. Hagelien trur utviklinga her vil vere meir positiv enn for landet elles - og igjen er det olja som reddar oss. Sidan utviklinga i bemanningsbransjen er nært knytt til den totale næringsutviklinga i fylket, vil bransjen i Hordaland vere mindre konjunkturutsett enn i andre fylke, då den for ein stor del leverer tenester til petroleumsrelaterte verksemder.

Varsam vekst



Etter to gode år i bransjen, er verksemdene blitt meir varsame som følgje av uroa i verdsmarknaden. Forventingane har ikkje vore lågare sidan finanskrisa - men framleis ligg det an til vekst.

Blanda signal frå forbrukarane

Den siste tida har det kome stadige åtvaringar om at òg norsk økonomi går hardare tider i møte. Handleglade nordmenn ser no ut til å ta åtvaringane på alvor. Sjølv om julehandelen i Hordaland auka med 1,2 prosent i fjor samanlikna med desember 2010, syner dei sesongjusterte tala frå SSB at detaljhandelen opplevde ein svak reduksjon i omsetnaden frå november til desember i fjor.

Mindre optimisme, men framleis vekst

I Hordaland trur ei av tre verksemdar at marknadssituasjonen vil bli betre i 2012, og rundt halvparten av verksemdene ventar vekst både i omsetnad og resultat. Bedriftsundersøkinga viser at forventingane er lågare når det gjeld sysselsetting. 20 prosent av verksemdene ventar ei auke i talet på tilsette i 2012. Om estimata er korrekte, ligg det an til ein marginal vekst i sysselsettinga på 0,5 prosent, noko som vil gi rundt 130 nye arbeidsplassar i fylket.

Trass tendensar til vekst, anar ein ei viss varsemd i bransjen. Dette ser ein mellom anna når det gjeld investeringar, der det er fleire verksemdar som ventar ein reduksjon enn auke. Både når det gjeld omsetnad og investeringar er forventingane markert lågare i 2012 enn fjoråret (sjå figur 1). Faktisk har bransjen ikkje hatt så låge forventingar sidan finanskrisa i 2009. Biletet er med andre ord samansett.

Vekst på Voss


- Eg trur 2012 vil bli eit godt år, seier senterleiar ved kjøpesenteret Amfi Voss, Anne Marie Opheim. Ho er ei av dei som ventar vidare vekst i 2012. - Vi var redde for at finanskrisa i

2009 skulle få konsekvensar for omsetnaden grunna nedgangen i hyttebygginga. Det viste seg at dette ikkje slo til. Difor er vi rimeleg optimistisk med tanke på det neste året, seier Opheim. Med sine 26 butikkar er senteret relativt lite i fylkessamanheng. Senterleiaren meiner dei er såpass små og isolerte at dei i liten grad blir påverka av konjunktursvingingar. Utviding av senteret ligg også i korta for framtida. Her skil dei seg ut frå fleire andre i bransjen, som snarare ser for seg investeringskutt det neste året.


Privatøkonomi og psykologi er avgjerande

Korleis 2012 vil sjå ut for næringa er i stor grad avhengig av korleis nordmenn sin privatøkonomi utviklar seg. For tida bidreg låg rente, stabil reallønsvekst og låg arbeidsløyse til ein god privatøkonomi for dei fleste nordmenn. Men utviklinga i sektoren er òg avhengig av korleis forbrukarane reagerer på krisesignala frå Europa. Som konserndirektør Karin Bing Orgland frå DNB påpeika til Aftenposten tidlegare i år, kan dårlege nyhende påverke forbrukarmønsteret sjølv om økonomien i seg sjølv er sunn. Framtidsutsiktene i næringa er med andre ord avhengig av korleis psykologien slår inn hos den jamne forbrukar.


Endringar i forbrukarane si åtferd kan gå særleg hardt utover den delen av varehandelen som sel såkalla varige gode. Bil- og møbelforhandlarar er blant dei som er ekstra utsett i krisetider, i følgje forskarar frå NHH. Dette er varer som gjer eit større innhogg i privatøkonomien, og som difor lett kan utsetjast. Eller som NHH-forskar Eirik Sjøholm Knudsen uttala til Bergens Tidende tidlegare i år: I krisetider er verdien av å vente på meir informasjon høgare enn elles.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 74. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa varehandel og personleg tenesteyting er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

fakta
Varehandel og personleg tenesteyting
sysselset 28 915 personar i Hordaland,
11,8 prosent av sysselsettinga i fylket.

Gode utsikter, men uvisse om Europa



Reiselivsnæringa på Vestlandet ser lyst på 2012, med cruisetrafikken som den store vinnaren. Samtidig uroar næringa seg over konsekvensane av utviklinga i resten av Europa.

Gode utsikter i reiselivet

- Utsiktene for det komande året er rimeleg gode, seier Jan Bruse Andersen, direktør ved Park Hotell på Voss. Han er nøgd med det han så langt kan lese ut av hotellet sitt booking-system. - Kurs- og konferansemarknaden er der den skal vere på denne tida. Det same gjeld turistmarknaden, sjølv om det alltid er noko uvisst kor mange av dei som tingar på førehand som faktisk dukkar opp, seier Andersen.


Dei positive utsiktene for 2012 kjem på toppen av ein fjorårssesong som var rimeleg god for reiselivet på Vestlandet. Vestlandet sin posisjon som reiselivsdestinasjon er jamt aukande, i følgje Kristian Jørgensen, direktør i Fjord Norge. Medan talet på internasjonale gjestedøger i Noreg samla sett sto stille i 2011, opplevde Vestlandet og Hordaland ein vekst på nærare fem prosent. Også Jørgensen ser lyst på den komande sesongen: - Så langt er bestillingane omtrent på same nivå som for 2011, sjølv om vi merkar ein svak reduksjon når det gjeld kundar frå det sørlege Europa.

Opptur for cruise-trafikken

Også cruise-trafikken ser betre ut på Vestlandet enn i resten av landet. I følgje direktør Wenche Nygard Eeg i Cruise Norway vil 2012-sesongen på Vestlandet slå alle rekordar. Prognosane viser at Bergen vil bli vitja av 318 skip mot 264 i 2011 - ein vekst i talet på passasjerar på mest 30 prosent. Også for Eidfjord ser det bra ut, med 14 nye skip og ei dobling av passasjeretalet. Venta vekst for Noreg under eitt er rundt 16 prosent. Fleire cruisepassasjerar treng likevel ikkje å føre til omsetnadsvekst, seier Eeg, - Under finanskrisa i 2009 var trafikken stabil, men gjestane brukte mindre pengar når dei gjekk i land.

Viser varsemnd, trass vekst

Tala frå Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret stadfestar langt på veg dei gode utsiktene som Fjord Norge og Cruise Norway gir uttrykk for. Knappt 40 prosent av verksemdene forventar å auke talet på tilsette i løpet av 2012. Over halvparten ventar vekst i omsetnaden. Nesten 60 prosent trur også at driftsresultatet skal bli betre i det komande året. Tala for investeringar er ikkje like gode. Her ventar noko under 30 prosent vekst, og rundt 20 prosent reduksjon. Aktørane i reiselivsnæringa ser difor ut til å vise varsemnd i ei uvisst tid.



Figur 1: Reiselivsverksemdene sine forventningar for 2012, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent. N=30 Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Fryktar kanselleringar frå Europa


Det er framfor alt utviklinga i den europeiske marknaden som uroar reiselivsaktørane. Vanskelege tider og auka arbeidsløyse i land som tradisjonelt har sendt mange turistar til Noreg, mellom anna Spania og Italia, gjer prognosane usikre. Det er ei viss uro i næringa for at rom som allereie er tinga for sommaren, skal kansellerast. Utviklinga i kronekursen, særleg i høve til Euro, er ein annan uvisst faktor. Nedlegginga av båttruta til England har også i nokon grad gått ut over turisttrafikken til Vestlandet. Fjord Norge har estimert at omlag 250.000 gjestedøger så langt har gått tapt på grunn av dette.

Jørgensen i Fjord Norge trur likevel ikkje at overnattingsverksemdene på Vestlandet vil bli så hardt råka av problema i Europa. - Vi satsar sterkt på det mest kjøpekraftige segmentet i den europeiske marknaden. Dei gjestene er truleg mindre kjenselvare for prisar og konjunktursvingingar, seier Jørgensen. - Dessutan har veksten i oversjøiske marknader, ikkje minst Asia, kompensert for stagnasjonen i Europa.

Nye reglar for utanlandske bussar

Det som i størst grad har skapt uro hos reiselivsnæringa i fylket er likevel dei såkalla kabotasjereguleringane som er vedtekne av Stortinget og blir sett i verk i april i år. Reglane set grenser for kor lenge utanlandske buss-selskap kan opphalde seg og køyre i Noreg. Det gjer at utanlandske reiseoperatørar ikkje lengre kan ha bussar ståande i Noreg heile sommarsesongen, for å ta i mot gjester som kjem med fly eller cruise-skip frå heimlandet. Fleire store operatørar, mellom andre den franske Vision of Scandinavia, har varsla at dei kan kome til å redusere satsinga si i Noreg på grunn av dette.

- Vi er redd for at dei nye reglane kan få store konsekvensar, om ikkje i 2012 så frå neste år, seier Jørgensen i Fjord Norge. - Viss operatørane ikkje kan nytte utanlandske bussar, fryktar vi det blir færre turistar som kjem seg rundt, særleg til vanskeleg tilgjengelege område. Hotelldirektøren på Voss deler denne frykta. - Vi er urolege for kva som vil skje med dei mange sommargjestane våre som nyttar utanlandske bussar, seier Andersen. Men det er ikkje sikkert at dei nye reglane vil ha så mykje å seie for dei meir sentrale delane av fylket. Bergen har mange bein å stå på som reiselivsdestinasjon. Mellom anna gir festivalar og kulturarrangement eit merkbart tilsig av gjester i sommarhalvåret.



Figur 3: Sysselsatte fordelt på dei ulike bransjane som gruppa Kultur, reiseliv og oppleving er sett saman av. Merk at vi i denne artikkelen berre har omtala reiseliv, dvs. overnatting og servering. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Prisane fell i uviss marknad



Lågare etterspurnad og auka konkurranse pressar prisane i ein uviss marknad. Men med betre rammevilkår er potensialet stort. Ekspertane trur produksjonen av laks kan tidoblast.

Eksporten truga

- Det går godt i norsk fiskerinæring, konstaterte leiar for Norges Fiskarlag Reidar Nilsen då han opna landsmøtet sist haust. Dei fleste fiskebestandane i norske farvatn er på eit historisk høgt nivå, og det blir stadig sett nye eksportrekordar. Med eksportinntekter på meir enn 54 milliardar kroner i 2011, er fiskeri og havbruk Noregs tredje største eksportnæring.

Men Nilsen frykta samstundes at dei økonomiske problema fleire av dei store importørlanda opplever kan ramme viktige marknader for norske fiskeriverksemder. Han uroar seg særleg over det særnorske høge rentenivået: - Minna frå 2002-2003, då sentralbanken heldt renta for høg alt for lenge, lever endå. Då gjekk mange fiskeriverksemder over ende. Det slo etter kvart inn i lønsemda i flåten. Ein kan trygt seie at det var ein feilslegen pengepolitikk.

På Sjømatdagane på Hell 17-18. januar i år, foreslo marknadssjef Bjørn Erik Stabell i Norges Sjømatråd å møte dei fallande prisane med å få den ferske laksen ut i lågpriskjedane i europeiske land. - Dårlegare privatøkonomi blant konsumentane i Europa gjer at mange endrar handlingsmønstret sitt og vel å handle meir på dei billigaste supermarknadene.

Fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen har sagt at «regjeringa sin ambisjon for norsk sjømatnæring er at Noreg skal vere verdas fremste sjømatnasjon». Men samstundes som eksportvolumet er rekordhøgt, gjekk eksportinntektene frå fiskeri- og havbruksnæringa ned med meir enn 580 millionar kroner i 2011. Dette skuldast låge prisar. I januar 2012 låg laks på rundt 25 kroner kiloen, medan topprisen våren 2011 var på 45 kroner per kilo.

Treng gode rammevilkår

Rentenivå, valutasvingingar og toll- og avgiftssatsar i importlanda er viktige rammevilkår for norske eksportverksemder innan fiskeri- og havbruksnæringa. Men etterspurnaden etter fisk og skaldyr frå dei norske fjordane er i første rekkje avhengig av konsumentane si kjøpekraft og kor viljuge dei er til å betale for den kvaliteten norske eksportprodukt held. «Folk kjøper mindre» og konkurransen aukar frå land med «lågare produksjonskostnader.» Dette er forklaringar verksemder i Hordaland gir på kvifor tilhøva i fiskeri- og havbruks-

næringa er meir utfordrande no enn for eit år sidan, henta frå Bedriftsundersøkinga.


Blant dei få verksemdene vi har tal frå i Hordaland innan fiskeri- og havbruksnæringa, seier likevel tre av fire at dei trur marknaden vil bli uendra i 2012 samanlikna med 2011, medan ei av fire verksemder trur på ei forverring. Ei verksemd melder om låg kapitaltilgang, medan ei anna nemner at dei treng meir seriøse eksportørar.

For å få til betre rammevilkår for denne næringa på landsbasis starta Fiskeri- og kystdepartementet i oktober 2011 eit prosjekt kalla Hav21. Dette er ein forskingsstrategi for å fremje god forvaltning av det marine miljøet og næringsutvikling basert på berekraftige forvaltingsprinsipp: «Hav21 peikar på kva utfordringar og moglegheiter marin sektor står ovanfor og kvar det trengst ny kunnskap for å finne gode løysingar.» Prosjektet blir leia av Noregs forskingsråd og skal vere ferdig i oktober 2012.


Produksjonen av laks kan tidoblast

Verksemda Lerøy Vest AS gjennomførde i september 2011 eit møte med kandidatane til kommune- og fylkestingvalet om situasjonen for fiskeri- og havbruksnæringa. Her sa konserndirektør Stig Nilsen i Lerøy Seafood Group at medan 99,5 prosent av maten i dag blir produsert på tre prosent av jordoverflata, utgjør fisk berre to prosent av produksjonen. Dette sjølv om rundt 70 prosent av jordoverflata er hav. Med Havforskningsinstituttet som kjelde sa Nilsen at «norsk produksjon av laks kan ti doblast - frå 1 million tonn i 2010 til 10 millionar tonn ut frå tilgjengelege lokalitetar og belastning frå ståande biomasse.»

Dette krev i følgje Nilsen at dei beste områda for produksjon av sjømat blir verna mot annan aktivitet og at kystkommunane som kjenner næringa sikrar område for framtidig matproduksjon. Om dette skjer, har Hordaland sær gode moglegheiter for vekst i sjømatproduksjonen, meinte Nilsen. Han la òg vekt på at dette er ei næring der dei enkelte aktørane er pålagt og tar eit stort ansvar for miljøet langs kysten. Difor er god samhandling mellom næring, styresmakter og samfunn avgjerande for framtidig suksess.



Figur 1: Sal av slakta matfisk, fyrstehandsverdi 2010, 1000 kr. Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.





Figur 2: Tal på løyve og tilsette i oppdrett av laks og regnbogeure 2010. Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.

OPPDRETSFYLKET HORDALAND

Hordaland er det nest største fiskerifylket i Noreg. Dei siste tala vi har for sal av fisk syner at verksemdene i Hordaland omsette for meir enn fem milliardar totalt i 2010. Av dette kjem meir enn 4,1 milliardar frå laks medan 836 millionar kjem frå regnbogeure og berre 15 millionar frå torsk. Til saman utgjorde dette 16 prosent av heile den norske omsetnaden av fisk dette året.

Nytenking hindrar nedlegging



Landbruket i Hordaland har mange utfordringar, og nedgangen i talet på verksemdar er sterk. Nytenking innan både alternativ og tradisjonell drift vil vere viktig framover.

Utfordringar i landbruket

Landbruk er ei lita næring i fylket, prega av små driftseiningar. Størstedelen av verdiskapinga kjem frå mjølkeproduksjon. Deretter kjem sauehald, følgd av frukt og bær. Fruktproduksjonen er noko av det som skil landbruket i Hordaland frå resten av landet. Dessutan har fylket mindre gardsbruk, meir ulendt terreng, høgare nedleggingstakt og saktare struktur- endring. Også i Hordaland har talet på mjølkekyr og bruk som driv med mjølkeproduksjon gått kraftig ned. Nedgangen er større enn for landet samla sett. Strukturendringane går seinare i Hordaland fordi bruka er små i utgangspunktet og fordi topografi og klima gjer det vanskeleg å få store rasjonelle driftseiningar. Nytenking innan landbruket er difor ekstra viktig for Hordaland.

Auke verdiskapinga ved alternativ drift

Sidan bruka er små er mange avhengig av ei tilleggsnæring til det tradisjonelle jordbruket. Dei siste åra har det vore særleg auke i sysselsetting innanfor foredling av mat og landbruksbasert reiseliv. Assisterande landbruksdirektør Åse Vaag hos Fylkesmannen i Hordaland meiner dette skuldast at Hordaland har vore tidleg ute med foredling av mat på gard. Mellom anna ligg Hordaland klart på topp i landet når det gjeld lokal ysting av geitemjolk, i følgje tal frå Statens Landbruksforvaltning. Dette er ein god måte for fleire gardbrukarar å auke verdiskapinga på garden på. Å satse inn mot nye område som foredling av mat, skog og tre, bygdeutvikling og Inn på tunet (tilrettelagde tenestetilbod på gardsbruk), er viktig for å auke verdiskapinga og inntektene til dei sysselsette i landbruket.

Viktig å sikre mjølkeproduksjonen

Desse nye områda for verdiskaping i landbruket kjem saman med modernisering av det tradisjonelle landbruket. Tine kan få nytt meieri på Flesland i 2015, og her er det ei utfordring å sørgje for at ein har nok mjølkeprodusentar framover. - Nytenking og investering i dei tradisjonelle landbruksformene er svært viktig, påpeiker Vaag. I Hordaland blir det gitt årleg investeringsstøtte via Innovasjon Norge til om lag 10 større og 10 mindre produksjonsanlegg. Det konkrete målet for satsinga er 60 nye, større produksjonsanlegg på 3 år, som

vil kunne auke mjølkemengda i fylket og bidra til forsyninga av mjølk til eit nytt anlegg i Bergen i 2015.


Satsar stort

Steinshagen samdrift er eit storfjøs der 5 bønder i Etne i Hordaland gjekk saman i 2006. No er det to som står for drifta, Reidar Berge er ein av desse. Samdrifta har ein samla kvote på 538 000 liter mjølk. I tillegg har dei kjøtproduksjon. I toppmoderne lokale og med høgteknologisk utstyr er kvardagen ikkje det typiske ein forbind med mjølkebønder. - Vi har automatisert så mykje at vi kan gå i fjøset når det passar oss. Moglegheita til å styre dagen er heilt annleis enn før, seier Berge. Dei to bøndene i Steinshagen Samdrift jobbar ei veke kvar. Sjølv når dei har vakt kan dei levere ungar i barnehage før dei går i fjøset, og elles vere meir fleksible enn bønder i tidlegare generasjonar. Pengar har dei tent heilt sidan dei starta opp for over fem år sidan.

Samdrift er ikkje for alle


Likevel seier Berge at dette ikkje er ein modell som vil passe for alle. Fleire forhold må ligge til rette for at slike store samdrifter skal vere effektive og lønsame. Forutan å ha god kjemi med dei ein arbeidar med, treng ein store område med beitemark rundt seg. I det heile er det få stader i fylket geografien eignar seg for slike bruk, og det er mange døme på samdrifter som ikkje har så gode resultat som Steinshagen. Løysinga for å få slutt på nedgangen i mjølkeproduksjon i fylket ligg difor ikkje i desse store einingane åleine. Leiaren i Noregs Bondelag, Nils T. Bjørke, uttalte til Nationen 25. oktober 2011 at ein har hatt for stort fokus på å bli stor, ein må i staden sjå på dei lokale ressursane. Mange av dei små bruka i Hordaland er gamle og utdaterte, med bruksbygningar frå 60-talet. Å oppdatere desse til dagens standard er så dyrt at mange heller vel å leggje ned drifta.

Forhåpentlegvis kan den nye kvoteordninga for mjølk som tredde i kraft frå 1.januar i år, bidra til å oppretthalde mjølkeproduksjonen, ved å sikre meir stabile rammevilkår for produsentane. Ordninga vil òg gjere det enklare for nye produsentar å etablere seg, sidan det blir mogleg å kjøpe kvoter både på den private marknaden og gjennom den statlege ordninga.



Figur 1: Sysselsette innan landbruket i Hordaland. Kjelde: SSB registerbasert sysselsettingsstatistikk

Fylket for næring og nyskaping



Satsing på kompetanseutvikling, entreprenørskap og innovasjon. Slik skal Hordaland vekse inn i framtida som eit nyskapande fylke med livskraftige lokalsamfunn.

God skatteinngang styrkjer den offentlege økonomien

Innbyggjarane i Hordaland skapar store verdiar. Dei siste samanliknbare tala frå Statistisk sentralbyrå frå 2007 syner at berre Oslo og Rogaland har eit høgre bruttonasjonalprodukt per innbyggjar. Og når verdiskapinga er høg aukar også skatteevna. Skatteinntektene auka med 6,4 prosent i Hordaland i 2011. Berre Oslo auka meir, med 8,3 prosent.

God skatteinngang styrkjer den offentlege økonomien. For perioden 2012-15 blir det i økonomiplanen til Hordaland fylkeskommune foreslått investeringar for om lag 7,8 milliardar kroner; rundt 5,4 milliardar innan samferdsel og vel to milliardar til vidaregåande skular. Men dette aukar òg lånegjelda fram mot 2015 med heile 54 prosent, noko som skapar store utfordringar for fylkeskommunen. Ein måte å møte desse utfordringane på er å betre vilkåra for næringslivet. Budsjettet for 2012 legg opp til å gjere dette gjennom regionale utviklingstiltak. Postane Tilrettelegging og støtte til næringslivet og Finansieringsbistand til næringslivet aukar med høvesvis 4 og 5 prosent.

Økonomien i Hordaland fylkeskommune er rimeleg god samanlikna med landsgjennomsnittet. Mellom anna er dei frie inntektene per innbyggjar mest 33 000 kroner i 2011. Dette er meir enn tre gongar gjennomsnittet for landet (utanom Oslo). Frie inntekter er ein god indikator på handlefridomen til fylkeskommunen og viser kva som står igjen til andre tiltak etter at dei bundne kostnadene er dekkja.

Når det gjeld dei kommunale finansane, ligg Hordaland nærare landsgjennomsnittet. I snitt har kommunane i fylket eit positivt driftsresultat på 1,6 prosent. Gjennomsnittet for landet (utanom Oslo), er her 2,3 prosent. Netto utgifter til drift per innbyggjar ligg også tett på snittet for landet på vel 38 000 kroner. Det same gjer dei frie inntektene som både i Hordaland og i landet sett under eitt ligg rundt 35 000 kroner.

Fleire offentleg tilsette

Om lag 72 500 personar var tilsett i offentleg sektor i Hordaland i byrjinga av 2011, i følgje tal frå SSB. Dette utgjer mest 29 prosent av den samla sysselsetjinga. Talet på offentleg tilsette har vakse med rundt 4,7 prosent i løpet av dei siste tre åra, og det er om lag same vekst som for Noreg sett under eitt.

Hordaland ligg på landsnittet både når det gjeld statleg

og fylkeskommunal sysselsetting. I kommunal sektor er talet på tilsette derimot noko lågare i Hordaland enn for heile landet.

Verdiskaping og kompetanse

For å skape vidare vekst i fylket må Hordaland sikre auka kunnskapsutvikling, ny kompetanse og fleire såkalla kompetansearbeidsplassar, det vil seie innan bransjar der minst 39 prosent av dei tilsette har universitets- eller høgskuleutdanning. Difor er det godt nytt at det har vore vekst i denne typen arbeidsplassar i alle regionane i fylket på 2000-talet. Talet på kompetansearbeidsplassar auka med meir enn 50 prosent i Hordaland frå 1999 til 2009 viser tal frå Noregs forskingsråd.

Noko av denne veksten kom innan forskning og utvikling (FoU), der det arbeidde 64 000 personar i Noreg i 2009. Nesten ein tredel av desse var tilsett i Osloregionen, følgd av Sør-Trøndelag med 14 prosent og Hordaland med 12 prosent. Tett opp mot 60 prosent av FoU-personalet her i fylket var tilsett i universitets- og høgskulesektoren.

Samstundes satsar fleire private verksemdar på forskning og utvikling. I 2009 nytta næringslivet i Hordaland 1 136 millionar kroner på eigenutført FoU. Det er litt under midten i høve til resten av landet, men veksten har vore på heile 73 prosent mellom 1999 og 2009. Dette er ein langt sterkare vekst enn i dei andre store FoU-fylka: Akershus, Oslo, Rogaland og Sør-Trøndelag.

Privat sektor ser ut til å vere den største pådrivaren for vekst i kompetansearbeidsplassane i regionsentra. Dette gjeld særleg finans- og forretningsmessig tenesteyting. Veksten i offentlege kompetansearbeidsplassar kjem i mykje større grad i kommunane rundt desse regionsentra, i følgje Noregs Forskningsråd.

Hordaland fylkeskommune har ein strategi om å skape eit livskraftig fylke. Eit fylke med vidareutvikling og fornying av det lokale næringslivet, gode offentlege tenester og utvikling av møteplasser og stader kor folk kan samlast til lokale tilbod.

Men då må dei ha kommunane i fylket med på laget. Deira rolle blir viktig når fylkeskommunen legg til rette for det dei kallar «lokalt forankra mobiliseringsprosessar retta mot både entreprenørskap, trivsel og bulyst, inkludering, identitetsskaping og omdømmebygging».

Datagrunnlag og kjelder

Datagrunnlag:

Bedriftsundersøkinga

Næringsbarometeret for januar 2012 byggjer på data frå ei spørjeundersøking som vart gjennomført i andre halvdel av november 2011 retta mot verksemdar innafør alle næringsområde i Hordaland. Undersøkinga vart sendt til i alt 5 500 verksemdar.

Forventingsindeksar

I undersøkinga blei næringsaktørane bede om å vurdere utsiktene for 2012 samanlikna med 2011 for ei rekkje faktorar, mellom anna talet på tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Vi har nytta svara på desse spørsmåla til å rekne ut forventingsindeksar for desse faktorane. Dette er gjort ved å trekke prosentdelen som ventar reduksjon, til dømes i talet på tilsette, frå prosentdelen som ventar auke. Forventingsindeksane kan derfor, i teorien, variere mellom 100 og -100. Verdien 100 kan bli oppnådd berre om absolutt alle verksemdene ventar auke. Tilsvarende kan verdien -100 bli oppnådd berre om absolutt alle ventar reduksjon. Generelt er det slik at ein positiv forventningsindeks fortel at det er fleire verksemdar som ventar auke enn som ventar reduksjon. Merk at verksemdene også kunne svare at dei ikkje venta nokon endring. Desse er ikkje med i dei utrekningane som blir gjort.

Samla forventingsindeks

Nytt for denne utgåva av Næringsbarometeret er at vi har rekna ut ein samla forventingsindeks. Denne indeksen er ganske enkelt gjennomsnittet av forventingsindeksane for tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Også denne indeksen vil teoretisk kunne variere mellom 100 og -100.

Feilmarginar

Når vi reknar forventingsindeksar for dei enkelte bransjane, vil talet på verksemdar som har svart i fleire høve bli lågt. Talet på verksemdar som har svart er oppgitt saman med grafane som viser resultatane. Generelt så er det slik at dess færre som har svart, dess meir usisse knyt til resultatane. For to av bransjane som er omtala er talet på verksemdar så lågt at vi har valt å ikkje presentere tal frå Bedriftsundersøkinga. Dette gjeld landbruk og fiskeri og havbruk. Vi vonar at vi i framtidige næringsbarometer vil kunne få auka talet på svar slik at vi kan presentere forventingar også for desse bransjane.

Kjelder

Hovedkjelder: Bedriftsundersøkinga for Næringsbarometeret, NAV, Statistisk Sentralbyrå (SSB)

Samla oversyn: SSB: Arbeidskraftsundersøkinga, SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Norsk og internasjonal økonomi

IMF: World Economic Outlook, januar 2012

Klaus Schwab, 2011: The Global Competitiveness Report 2011-2012. Davos: World Economic Forum.

PwC: <http://www.pwc.com/gx/en/ceo-survey/explore-the-data.jhtml>

SSB: Økonomiske nøkkeltal

Stat og styring, Nr. 1/2012

Bakgrunn

Bergens Tidende, 11.1.2012

Noregs Banks utlånsundersøking 4.kvartal 2011, 19.1.2012

Nrk.no, 18.11.2011

Arbeidsmarknad: Artikkelen er utarbeidd av Anne-Lise Lygre i NAV Hordaland

Regionale skilnader:

SSB: Befolkningsstatistikk

SSB: Registrerte arbeidslause

SSB: Registerbasert sysselsettingsindeks

SB: Bygginge- og anleggsverksemd, omsetnadsstatistikk, 4. termin 2011

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Industri

SSB: Produksjonsindeks for industrien

SSB: Investeringsstatistikk. Olje- og gassverksemda, 4. kvartal 2011

Petroleumsnæringa

Sparebanken Vest: Pressemelding 18.10.2010: «Vestlandet må trekke til seg kompetanse».

Teknisk Ukeblad 17.11.2011

Olje- og energidepartementet: Pressemelding 17. 1.2012

SSB: Investeringsstatistikk. Olje- og gassverksemda, 4. kvartal 2011

Transport og engros

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Finansiell og forretningsmessig tenesteyting

Bergen Næringsråd: Samspill. Nr. 6/2011

NHO Service: Kvartalsstatistikk bemanningsbransjen

SSB: registerbasert sysselsettingsstatistikk

Even Hagelien, Fagsjef NHO service

Varehandel og personleg tenesteyting

Aftenposten 6.1.2012

Bergens Tidende 17.1.2012

SSB: Detaljomsetnadsindeks, desember 2011

SSB: Julehandel 2011

SSB: Julehandel 2010

Kultur, reiseliv og oppleving

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

SSB: Overnattingsstatistikk

Fiskeri og havbruk

Fiskeri- og kystdepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd.html?id=257>

Hav21: <http://www.hav21.no/servlet/Satellite?c=Page&cid=1253968607714&pagename=hav21%2FHovedsidemal>

Kyst.no: http://www.kyst.no/index.php?page_id=95&article_id=93740

NHO Hordaland: <http://helenorge.nho.no/hordaland/article.php?articleID=12226&categoryID=8>

NTB 5.10.2011

SSB: Fiske og havbruk

Landbruk

Fylkesmannen i Hordaland

Nasjonen 25.10.2011

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Statens landbruksforvaltning

Åse Vaag, Assisterande landbruksdirektør hos Fylkesmannen i Hordaland

Offentleg forvaltning og tenesteyting

Hordaland fylkeskommune:

<http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Budsjett/Okonomi/Arsbudsjett-2012---Okonomiplan-2012-2015/>

Hordaland fylkeskommune: Hordaland i tal. Fylkesstatistikk. Næring, innovasjon og kompetanse. Nr. 2/2011

Hordaland fylkeskommune:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Livskraftige-lokalsamfunn/>

Noregs forskingsråd 2011: Det norske forsknings- og innovasjonssystemet - statistikk og indikatorer

SSB: KOSTRA

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Partnerane bak Næringsbarometeret
Innovasjon Norge Hordaland
NAV Hordaland
NHO Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

